

Referat frå møte med grunneigarane i Fosnavåg hamn

Tid og stad:

Dato: 24.08.2020
Tid: 12:00-13:00
Stad: kommunestyresalen

Deltakarar:

Herøy kommune: Ordførar Bjørn-Halvor Prytz, varaordførar Bjarne Kvalsvik, formannskapsmedlem Ann-Kathrin (Tine) Storøy og formannskapsmedlem Karl-Oskar Sævik. Vidare møtte ass.rådmann/kommunalsjef Andreas Christian Nørve som sekretariat

Herøy båtlag: Anders Almestad, Paul Monsen og Eirik Sævik Monsen

Referat frå møte:

Ordføraren innleia møte med å vise til vedtaket i formannskapet, der formannskapet gjekk for tilrådinga til kommunedirektøren:

«På grunn av den økonomiske risikoen i prosjektet, sett opp i mot kommunen sin økonomiske og finansielle situasjon, så går kommunen ikkje vidare med prosjektet.»

Vidare var det vist til at formannskapet likevel gav ordføraren i oppdrag om å ta kontakt med grunneigarane i indre hamn – dette for å sjå på moglegheitene for å få til eit «spleiselag» for å redusere kommunen sin økonomiske risiko til prosjektet.

Herøy båtlag orienterte om at dei har mandat til å forhandle, men dei er 15 medlemmar og dei har difor kalla inn til møte i båtlaget den 25. august 2020 for å ta stilling til kva båtlaget kan bidra med.

Når det gjeld spørsmål om eit spleiselaget, så må dette delast i to. Dei eine er opp i mot båtlaget og så er det dei individuelle eigarane – og om dei er interessert i å vere med på spleiselaget. Det som båtlaget kan svare på er til sitt krav knytt til sal av kai og tilhøyrande eigedom, og det var klar på at båtlaget ikkje hadde moglegheit til å gi vekk kaia og har heller ikkje «musklar» til å bidra økonomisk inn i prosjektet.

Båtlaget var positiv til utdjuping av hamna og meinte det var behov for dette dersom vi skulle få utvikla område. Ei slik utdjuping, med deponi plassering i indre hamn, ville etablere eit nytt landareal på 9,2 mål. Sjølv om deponiområde er ueigna som bustadområde, kan det utviklast som eit industriområde, og kunne blitt eit viktig industriareal når Mjølstadneset blir fullt. Båtlaget meinte kommunen måtte sjå på dette som ei investering og ikkje som ein økonomisk utgift. Båtlaget var vidare bekymra for at det var for grunt for båtane, både i hamneområde og inntil kaia, og at det uansett måtte gjerast noko med dette i tillegg til miljøoppyddinga.

Kommunen var positiv til båtlaget sine tankar og meingar, og sjølv om båtlaget ikkje kunne vere med på «spleiselaget» med eit økonomisk bidrag, så viste kommunen til at båtlaget sitt krav ikkje ville «velte» prosjektet – me det var eit positivt bidrag at båtlaget ville redusere sitt krav frå kr 10 million til kr 8 million.

Kommunen viste til at sjølv om utdjupinga og miljøoppydding er eit positivt prosjekt, så er det kommunen som sit igjen med all økonomisk risiko – og det er dette som gjer det vanskeleg for å kommunen i denne saka.

Kommunen har forståing for at båtlaget meinte at etablering av nytt landareal og kai i indre hamn måtte sjåast på som ei investering, men understreka at kommunen likevel måtte prioritere mellom fleire slike investeringsprosjekt.

Båtlaget stilte spørsmål om kva som ville skje, dersom kommunen ikkje ville gjennomføre planane om utdjuping og miljøoppydding. Kommunen peika på at dette prosjektet i utgangspunktet var Kystverket sitt og kommunen skulle berre forskotere dette, samt at kommunen i utgangspunktet ikkje har det juridiske ansvaret for miljøoppyddinga i Fosnavåg indre hamn

Kommunen viste vidare til at vi eventuelt burde sjå på ei utvikling av Fosnavåg – saman med innbyggjarane og næringslivet. Dette var båtlaget samd i, og fremja ønskje om ein «generalplan» for Fosnavåg slik dei har i Ulsteinvik og viste også til Henningsvær som eksempel på korleis vi som lokalsamfunn kunne få til dette.

Båtlaget var klar på at dei måtte selje kaia. Det var difor stilt spørsmål frå båtlaget om kommunen ville kjøpe kaia frå båtlaget, dersom kommunestyret sa nei til prosjektet. Til dette så svarte kommunen at vi ikkje hadde teke stilling til eit slikt spørsmål – og det vil vere ei sak som kommunestyret eventuelt måtte ta stilling til.

Herøy båtlag understreka at dei hadde ei krav om makebyte, som sikra betre arealutnytting av sin «resteigedom».

Konklusjon:

Herøy båtlag vil redusere sitt krav frå kr 10 million til kr 8 million

Herøy båtlag ville krevje makebyte for å sikre god arealutnytting av sin resteigedom

Fosnavåg, 24. august 2020

Andreas Christian Nørve
referent